



Nye Sogndal kommune

Feil! Fant ikke referanseilden.

Feil! Fant ikke referanseilden. Feil! Fant ikke referanseilden.

Notat

Til: Fellesnemnda

Kopi:

Frå: Prosjektrådmannen

Arkivkode

Arkivsaknr.

Løpenr.

Dato:

19/771

28.02.2019

Orienteringssak til fellesnemnda 06.03

- 1) Orientering om budsjettprosess i BLS. Bestilling frå Fellesnemnda i møte 24.01.
- 2) Forslag budsjettprosess NSK
- 3) Skyggebudsjett og skyggeøkonomiplan BLS 2019 – 2022.

1) Orientering om budsjettprosessen i BLS

I fellesnemnda 24.01.2019 kom det ynskje om å få ei orientering om budsjettprosessane i Balestrand, Leikanger og Sogndal (BLS). Med utgangspunkt i samtalar med rådmenn og økonomisjefar i alle kommunane, gjennomgang av saker til politisk handsaming og interne rutinar kjem vi med følgande orientering om budsjettprosessane i dei 3 kommunane.

Balestrand

Grunnlag for budsjettarbeidet

Økonomiplanen legg grunnlag for budsjettarbeidet. Det er nytta ein struktur for prosess med budsjettarbeidet, som har blitt tilpassa behovet dei ulike åra. Budsjettprosessen vart endra ein del i 2019 som følgje av skifte av rådmann. Prosessen under gjeld budsjett 2018. Balestrand kommune har eige Finansutval (alle partia representert) som førebur saker for kommunestyret.

Mai - Budsjettprosessen starta i mai med at formannskapet evaluerte sentrale mål og strategiar i Økonomiplan for 2018 - 2021.

Første møte i juni: Formannskapet drøftar budsjettsaka med utgangspunkt i

- Kommuneproposisjonen som vert lagt fram i mai
- Førebelse rammer
- Føringer for budsjettet som ligg i Økonomiplanen

Andre møte i juni: Eige budsjettmøte i formannskapet der økonomisjef og alle budsjettansvarlege deltek.

- Gjennomgang av utfordringar, kommunebarometer på alle budsjettområde og drøfting av førebelse budsjettammer

- Administrasjonen utarbeida eige dokument med konkretisering av aktuelle tiltak og mal for konsekvensutgreiingar.

Juli/august Kommunalsjefane konsekvensutgreier alle tiltak og samlar dette i ei eiga oversikt som grunnlag for eige framlegg til drøfting rådmannen. Tiltaka vert samla i eige hefte som grunnlag for drøftingane i finansutvalet.

August Rådmannen sender budsjettrekneark, fylgjeskriv til budsjettarbeidet og oversikt stillingar/løn til dei budsjettansvarlege.

September Kommunalsjefane kjem med framlegg til budsjett til rådmannen. Rådmannen sitt framlegg til budsjett vert sendt til Finansutvalet. Finansutvalet har orientering/drøftingsmøte.

Oktober Rådmannen legg fram arbeidsgrunnlaget for budsjettet for finansutvalet. Orientering om statsbudsjettet.

November Finansutvalet har orientering/drøftingsmøte. Formannskapet legg budsjettet ut til offentlig ettersyn 09.11 – 23.11. Formannskapet handsamar høyringsuttalar og gir si innstilling til kommunestyret 29.11.

Desember Budsjettvedtak i kommunestyret på dette nivået:

Sentrale styringsorgan og fellesutgifter

Oppvekst og kultur

Helse og omsorg

Tekniske tenester

Erfaring og råd frå rådmann Skuggen Hoff: Heile budsjettprosessen og prosessen med evaluering av sentrale mål starta for seint. God erfaring med struktur og form på konsekvensvurdering av alle tiltak, då dette gav godt grunnlag for politisk oversikt og prioritering. God erfaring med å sette ned prosjekt knytt til sektorar med spesielle utfordringar for å få kunnskap om realisme og gjennomføring i etterfølgjande år.

Leikanger

Grunnlag for budsjettarbeidet Økonomiplanen er det viktigaste styringsdokumentet. Budsjettarbeidet tek alltid utgangspunkt i budsjett frå året før. Rutinar for økonomiprosessen kjem fram av Økonomireglementet.

I april byrjar budsjettarbeidet med at kommunalsjefane kjem med informasjon til rådmannen om det er grunnlag for større endringar i budsjettet.

I Juni held budsjettprosessen fram med at kommunestyret vedtek:

- Drift: Rammebudsjett pr. område. Rammene er gjeve ut frå budsjettet året før, korrigerert for større kjende endringar.
- Inntekt: Grunnlaget er siste kommuneprp., planlagt bruk av fond og naudsynte endringar i eigedomsskatt.
- Investeringar: Henta frå Økonomiplanen, men kjem og innspel i løpet av året.

Eksempel oppsummering drift:

Oppsummering drift 2019-2022 – med bruk av fond

1. Budsjettert bruk av fond 2018:	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Budsjettendringar 2018	2 576 000	2 376 000	2 376 000	2 376 000
Bruk i opprinneleg budsjett 2018	9 730 000	9 730 000	9 730 000	9 730 000
Vedteken bruk 2018	12 306 000	12 106 000	12 106 000	12 106 000
2. Endringar i rammesak høve B 2018	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Sentrale styringsorgan og administrasjon	100 000	-1 450 000	-1 450 000	-1 450 000
Samla endringar oppvekst og omsorg	-1 267 511	-2 455 511	-913 511	-1 023 511
Næring og utvikling	-180 000	-180 000	20 000	20 000
Frie inntekter	-2 286 000	-5 997 000	-12 425 200	-22 615 000
Renter og avdrag	2 071 000	2 715 000	3 788 000	3 788 000
Sum endring i høve budsjett 2018	-1 562 511	-7 367 511	-10 980 711	-21 280 511
Saldering av budsjett 2019-2022	10 743 489	4 738 489	1 125 289	-9 174 511
3. Bruk av fond (årets mindreforbruk kr.10.235.981 er ikkje rekna inn):	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Sum disposisjonsfond pr.01.01.2018	21 422 900			
Endra saldo etter bruk	10 679 411	5 940 922	4 815 633	13 990 144

Rådmannen sender budsjetttrundskriv til alle resultateiningar. Med utgangspunkt i fastsett ramme skal det utarbeidast framlegg til budsjett for alle områda. Kommunalsjefane har frist for å levera spesifisert budsjett (fordeling mellom sine resultateiningar) 10. september, i praksis skjer dette seinare.

I november vert status for budsjettarbeidet lagt fram for formannskapet. Utgangspunkt er rammesak frå juni, endringar etter drøftingssak i formannskapet er innarbeidd i budsjettet. Alle endringar er kommentert. Driftsbudsjettet vert saldert med forventa avkastning på kapitalfond (investert i fond etter sal av kraft).

November/Desember Nytt møte i formannskapet med budsjettendringar, vedtak og utsending av formannskapet sitt budsjettframlegg til høyring. Formannskapet tek ei kort oppsummering av høyringsinnspela før dette vert lagt fram i kommunestyret.

Desember Vedtak i kommunestyret på dette nivået:

Sentrale Styringsorgan og

Fellesutgifter

Oppvekst og Omsorg

Næring og Utvikling

Kyrkja

Erfaring og råd frå rådmann Rakstad: God erfaring med rammebudsjettering i juni. Dei ulike einingane får eigarskap til sitt budsjett i arbeidet med å kome i balanse. Det er variasjonar i innsats og kvalitet i dette arbeidet. Vi har erfart at tilbakemelding frå kommunalsjefane bør skje innan fastsett frist 10. september for å få tid til tilstrekkeleg kvalitetssikring av arbeidet. Vi burde hatt ein langsiktig investeringsstrategi, dette ville gjeve oss ei heilt anna styring. I dag kjem politiske prioriteringar til ulike investeringsprosjekt gjennom heile året. Budsjettarbeidet blir ekstremt krevjande på hausten, kunne med fordel byrja arbeidet tidlegare.

Grunnlag for budsjettarbeidet: Økonomiplanen er det viktigaste styringsdokumentet. Her kjem kommunen si «10 på topp liste» over prioriterte område fram, denne vert kun endra ved utarbeiding av ny økonomiplan. Budsjettet tek alltid utgangspunkt i budsjettet frå året før. Sogndal kommune har utarbeidd årshjul over faste aktivitetar i samband med budsjettarbeidet sitt.

April Budsjettprosessen startar i april med at kommunestyret har dialogmøte med utvalde einingsleiarar. Kommunestyret vert delt i 3 grupper som har dialog med nokre einingsleiarar kvar.

Juli – Økonomiplannotat nr 1 vert lagt fram for Formannskapet:

1. Mål for arbeidet med økonomiplanen
2. Oppsummering dialogmøtet
3. Oppsummering etter 1. tertial
4. Revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposisjonen
5. Økonomiske utfordringar og føresetnader for økonomiplanperioden
6. Siste nøkkeltal Kostra
7. Tidsplan for økonomiplan/årsbudsjett

Første møte i oktober– Økonomiplannotat nr 2 vert lagt fram for formannskapet:

- Tilbakemelding til formannskapet på oppdrag frå dialogmøtet og formannskapsmøte.

Andre møte i oktober - Økonomiplannotat nr 3 vert lagt fram for formannskapet:

- Drøfting etter framlagt statsbudsjett. Handsaming av arbeidsdokument med investeringsprogram, prishefte, konsekvensjustert budsjett og tiltaksliste, økonomiske rammer drift, resultatmål, budsjettekst, innspel til økonomiplan, eventuelle bestillingar til rådmann for balansering av økonomiplan og budsjett

November/Desember – Økonomiplannotat nr 4 (og evt fleire) i formannskapet.

Formannskapet sitt budsjettframlegg vert lagt ut på høyring 2-3 veker før kommunestyremøte. Høyringsinnspel går til kommunestyret.

Desember

Vedtak i kommunestyre på dette nivået:

Politisk styring og kontroll
Administrasjon
Bustader og forvaltningsfrie eigedomar
Andre fellesområde
Kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn
Helsestasjon
Barnevern
Barnehage
Grunnskule og SFO
Kultur
Førebyggjande helsearbeid
Aktivering, støttetjenester og rusarbeid
Pleie og omsorg - heimetjenester
Pleie og omsorg - institusjon
Kvalifisering, integrering og arbeid
Plan og byggesak

Kart og oppmåling

Brann og redning

Næringsverksemd

Samferdsle

Naturforvaltning, friluftsliv og rekreasjon

Vatn, avlaup og renovasjon

Avsetjing og bruk av overskotsfond

Erfaring og råd frå rådmann Aanestad:

Det viktigaste grepet for god økonomistyring er å sikre eigarskap til økonomi hos politikarane. «10 på topp liste på investeringar» har vore avgjerande for langsiktig planlegging og prioritering. Tilrår ikkje dialogmøte for 2020 budsjettet, då arbeidet med 2020-budsjettet først og fremst må sikre høg kvalitet i prosessen med å slå saman dei tre økonomiplanane og eit forsvarleg økonomisk opplegg. Dei prioriteringane som kjem ut av dialogmøta må det primært vera nytt kommunestyret som gjer.

2) Forslag budsjettprosess Nye Sogndal kommune 2020

Budsjettprosessen for 2020 vil naturleg nok ikkje følgje heilt same mal som seinare år. Det er fleire årsaker til det:

- Vi har 3 budsjett/økonomiplanar som legg grunnlaget. Økonomiplanane har nokre felles rapporteringar, men har og ulikskapar. Dette må vi samanfatte til ein felles økonomiplan.
- Vi har ikkje erfaringstal og vise til.
- Fellesnemnda har ikkje same mynde som eit kommunestyre har
- Prosjektrådmann tilrår politisk arbeidsgruppe

Grunnlag for budsjettarbeid: Tek utgangspunkt i Økonomiplan 2019 – 2022 i BLS og råd frå dei 3 rådmennene.

TID	OPPGÅVE
MARS	Med utgangspunkt i økonomiplanar for 2019 – 2022 som vart vedtekne i kommunestyra i BLS desember 2019 er det utarbeidd skyggebudsjett for Nye Sogndal kommune for perioden 2020 – 2022. Fellesnemnda set ned politisk arbeidsgruppe
APRIL	Analyse av rekneskap 2018 for BLS vert presentert av Agenda Kaupang. Bjørn Arthur Brox frå Agenda Kaupang er ein av dei fremste kommuneøkonomane i landet. Han legg fram ein analyse av rekneskapen for BLS, der han ser på nøkkeltal totalt og innanfor dei ulike sektorane. Vi brukar denne analysen vidare i vårt interne arbeid med budsjett og økonomiplan.
MAI	Prosjektrådmann legg fram forslag til økonomireglement, finansreglement og avgiftshefte for fellesnemnda.
JUNI	Med utgangspunkt i skyggebudsjett som er lagt fram for Fellesnemnda i mars, reviderte data for inntekter og kostnader vert følgjande lagt fram for fellesnemnda:

	<ul style="list-style-type: none"> • Forslag rammebudsjett 2020 • Samla oversikt over budsjetterte investeringar • Politisk arbeidsgruppe vert involvert i arbeidet med å tilpasse budsjett til ramma på dei ein skilde sektorane
JUNI-SEPT	Prosjektrådmann jobbar i lag med politisk arbeidsgruppe for å tilpasse budsjett til ramma på dei ein skilde sektorane. Detaljert tidsplan for dette arbeidet vert lagt fram i juni møte.
SEPTEMBER	Forslag til budsjett vert lagt fram for Fellesnemnda
OKTOBER	Forslag til budsjett vert lagt fram for nytt kommunestyre i eige budsjettmøte.
NOVEMBER	Budsjettmøte i nytt kommunestyre. Budsjett på høyring.
DESEMBER	Budsjettvedtak i nytt kommunestyre.

3) Skyggebudsjett og skyggeøkonomiplan for NSK 2019- 2022

Sjølv om kommunane leverer budsjettskjema i standardformat gjer dei budsjettvedtak på ulike nivå (sjå ovanfor) slik at ikkje alle budsjettskjema er like eigna til å utarbeide skyggebudsjett.

Hovudoversikt drift er heilt identisk for dei 3 kommunane og såleis godt eigna som grunnlag for skuggebudsjett. Vi gjer merksam på at tabellen viser BLS sine økonomiplanar slik dei er vedtekne i kommunestyra i desember 2018. Det er ikkje teke høgde for endringar som kommunereform, det kjem vi tilbake til i juni. I det vidare arbeidet vil vi kvalitetssikre tala og korrigere for oppdatert informasjon både på inntekts- og kostnadssida (dette kjem på junimøte).

Med utgangspunkt i BLS sine økonomiplanar vil hovudoversikt drift for NSK sjå slik ut:

HOVEDOVERSIKT DRIFT				
	ØP 2019	ØP 2020	ØP 2021	ØP 2022
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetalingar	-40 091 772	-40 886 772	-40 886 772	-40 886 772
Andre sals- og leigeinntekter	-111 526 415	-113 933 415	-114 339 415	-114 352 415
Overføringer med krav til mottytelse	-127 318 111	-126 188 111	-125 542 111	-124 230 111
Rammetilskot frå staten	-375 803 000	-379 364 000	-380 387 000	-382 764 000
Andre statlege overføringer	-93 290 908	-87 996 908	-84 434 908	-82 270 908
Andre overføringer	-1 860 678	-1 860 678	-1 860 678	-1 860 678
Skatt på inntekt og formue	-313 816 000	-313 816 000	-313 816 000	-313 816 000
Eigendomsskatt	-58 340 000	-62 607 000	-64 707 000	-65 907 000
Andre direkte og indirekte skattar	-4 737 000	-4 737 000	-4 737 000	-4 737 000
Sum driftsinntekter	-1 126 783 884	-1 131 389 884	-1 130 710 884	-1 130 824 884
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	572 118 589	564 332 193	561 038 193	561 028 193
Sosiale utgifter	151 455 515	150 361 413	150 560 613	149 752 613
Kjøp av varer og tenester i tenesteproduksjon	149 217 984	148 174 359	148 249 959	148 199 959
tenesteprod.	143 466 291	142 407 957	141 157 957	141 107 957
Overføringer	73 977 203	72 395 370	72 176 370	70 864 370
Avskrivningar	32 331 887	32 712 887	32 943 887	32 906 887
Fordelte utgifter	-17 113 438	-17 113 438	-17 113 438	-17 113 438
Sum driftsutgifter	1 105 454 031	1 093 270 741	1 089 013 541	1 086 746 541
Brutto driftsresultat	-21 329 853	-38 119 143	-41 697 343	-44 078 343
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR				
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte, eigaruttak	-5 841 430	-6 395 130	-6 951 630	-7 925 630
Gevinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	-6 340 000	-6 374 000	-6 409 000	-6 445 000
Mottekne avdrag på lån	-318 000	-324 000	-331 000	-338 000
Sum eksterne finansinntekter	-12 499 430	-13 093 130	-13 691 630	-14 708 630
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostningar	20 800 665	26 253 676	30 709 029	30 622 960
Tap på finansielle instrument (omløpsmidlar)	0	0	0	0
Avdrag på lån	44 702 857	45 395 745	44 604 982	45 978 315
Utlån	30 000	30 000	30 000	30 000
Sum eksterne finansutgifter	65 533 522	71 679 421	75 344 011	76 631 275
Resultat eksterne finansieringstransaksjonar	53 034 092	58 586 291	61 652 381	61 922 645
Motpost avskrivningar	-32 331 887	-32 712 887	-32 943 887	-32 906 887
Netto driftsresultat	-627 648	-12 245 739	-12 988 849	-15 062 585
AVSETNINGAR				
Bruk av avsetningar				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-42 433 257	-33 217 406	-32 277 103	-31 756 034
Bruk av bundne fond	-10 071 820	-6 228 023	-6 495 780	-6 700 780
Sum bruk av avsetningar	-52 505 077	-39 445 429	-38 772 883	-38 456 814
Avsetningar				
Overført til investeringsrekneskapskapen	4 784 000	3 510 000	3 560 000	3 610 000
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	0	0	0	0
Avsetning disposisjonsfond	45 034 175	44 832 668	44 787 312	46 482 654
Avsetning bundne fond	3 314 550	3 348 500	3 414 420	3 426 745
Sum avsetningar	53 132 725	51 691 168	51 761 732	53 519 399
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0
Netto driftsresultat i % av driftsinntekt	0,06	1,08	1,15	1,33

Netto driftsresultat i % av driftsinntekt:

Teknisk berekningsutval (TBU) anbefaler at netto driftsresultat i % av driftsinntekt er minst 1,75 %. Dette skal vere med å trygge kommunane sine verdiar, sikre økonomi til investeringar og utførutsette kostnader, samt gje rom for utvikling.

Oversikten viser nøkkeltal som ligg under anbefaling:

1,08 (2020), 1,15 (2021) og 1,33 (2022)